

22-åring satsar på Musland-bruk

30.12.2008



Kalvatre ligg på Musland. (Foto: Ola Matti mathisen)

Det har vekt positiv merksemd i dalen at ein 22-åring har overteke og satsar på å rusta opp bruket Kalvatre på Musland for deretter å busette seg der.



Det nye våningshuset skal liggja på tomte til det gamle. (Foto: Ola Matti Mathisen)

22-åringen heiter Kjetil Fosshem og bur på Seimfoss der han har vakse opp. Men mora, som han har overteke Uskedalen-bruket frå, flytta frå Kalvatre i 1965, fortel Kjetil til uskedalen.no.

Han har arbeidd på Sørål i fire år.

Kalvatre har vore utleigd ei tid men no er det lenge sidan det budde folk der. Det ber bruket preg av.

Kjetil har fått mange lovord frå uskedelingar for satsinga si, som også skal omfatta eit visst dyrehald. Sjølv har han ikkje særleg sans for utsegn om at det er dristig av ein 22-åring å satsa på å gje eit småbruk eit nytt liv.

Det første som no skjer er at Kjetil skal byggja nytt våningshus. Det gamle har han reve for stutt tid sidan og det nye blir gjenreist på dei same, solide murane.

Kjetil har nyleg fått rivingsløyve og utsleppsløyve av kommunen for det nye huset. Han får løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå ny heilårsbustad til reinsing av organisk stoff og infiltrasjon. Avløpet skal reinsast i ein tre-kamra og fire kubikkmeter stor slamavskillar og det skal gravast infiltrasjonsgrøft på to ganger 25 meter.

Kor lang tid byggjinga av våningshuset vil ta og når innflytting kan skje kan ikkje Kjetil seia i dag.

Det er ikkje så vesentleg om byggjinga vil ta eit halvt, eitt år eller lengre, seier han.

Han skal byggja huset sjølv.

Av Ola Matti Mathisen



Den gamle og den nye tid møtest på Kalvatre. (Foto: Ola Matti Mathisen)